



I AURLAND: Pilotprosjektet «Med gründerblikk på bygderessursar» hadde samling i Aurland før helga. Prosjektleiaren, rektor Dag Jørund Lønning frå Høgskulen for landbruk og bygdenæring (HLB) hadde organisert lokale krefter til samlinga, mellom anna gründeren bak Aurland Naturverkstad, Morten Clemetsen.

Med bygdenæring på dagsordenen

■ ■ Pilotprosjekt ■ ■ Samling nummer seks

AURLAND: Studentar og forskarar knytt til to høgskular såg på utvikling av kompetansesarbeidsplasar i Aurland under ei todagarssamling i Aurland før helga.

– Fellesnemnaren for alle samlingane våre, og dette er den sjetteste i rekkja, er at me skal sjå på ressursane rundt om i bygdene med eit gründerblikk. Denne gongen har me valt å halda seminar i Aurland, og siktemålet vårt er å læra noko av det grøne kompetansmiljøet me veit finst i Aurland, seier rektor Dag Jørund Lønning ved Høgskulen for landbruk og bygdenæring (HLB).

To år

HLB, som har tilhaldsstad på

Klepp på Jæren, fekk på ettersommaren 2010, saman med Høgskulen i Lillehammer, i oppdrag å leia det toårige pilotprosjektet «Med gründerblikk på bygderessursar». Eit prosjekt som Kommunal- og regionaldepartementet og Innovasjon Norge står bak. Sistnemnde har løyvd 1,7 millionar kroner til pilotprosjektet, som har ei samla kostnadsramme på om lag 2,5 millionar kroner.

I løpet av dei to åra prosjektet varar, skal det arrangerast åtte samlingar. Og det er planen at til saman 100 studentar og forskarar, 50 frå kvar av høgskulane, skal bli kjende med entreprenørskap og nyskapsprosessar gjennom prosjektet.

Campus Aurland


At samlinga denne gongen var lagd til Aurland, var for at studentane skulle bli betre kjende med det grøne

næringsmiljøet som er utvikla i Aurland. Eit miljø som har vokse fram rundt Sogn Jord og Hagebruksskule. Eller som prosjektleiinga kallar dette i programmet for samlinga; Campus Aurland.

Ein av dei som kan takka denne skulen for at han fekk augo opp for Aurland, er Morten Clemetsen. Mannen, som på slutten av 1990 talet var med og skipa Aurland Naturverkstad, kom til Aurland rundt 1980 som elev ved jord- og hagebruksskulen. 15 år seinare kom han tilbake til bygda, utdanna som landskapsarkitekt og med ein doktorgrad i landskapsplanlegging frå Universitetet for miljø og biovitenskap på Ås.

Spisskompetanse

Både Morten Clemetsen og noverande dagleg leiar i Aurland Naturverkstad, Siri Wølneberg Bøthun, snakka til studentane om det å drive ei kompetanseverksemd i eit



VAR INNLEIAR: Dagleg leiar Siri Wølneberg Bøthun ved Aurland Naturverkstad var ein av innleiarane på samlinga i Aurland.

bygdesamfunn. Ikkje minst i høve det å rekruttera medarbeidarar, og å halda på desse.

– Eit høgkompetansmiljø krev god forankring i bygda, og for Aurland Naturverkstad

er bygda Aurland sjølve suksessfaktoren, sa Clemetsen.

Kjell Eldegard
kjell.eldegard@sgognavis.no